



# Kjenner du til aktivitetskalendaren Friskus ?




**Friskus** – digital aktivitetskalender og møteplass for aktivitet og frivillighet i Luster!

Enkelt å delta - Enkelt å organisere – for alle.

Luster kommune nyttar no [www.luster.friskus.com](http://www.luster.friskus.com) som er ein felles aktivitetsoversikt over alt som skjer i Luster. Den er gratis å bruke, og alle som tilbyr aktivitetar i Luster kommune kan bruke Friskus. I tillegg kan laget ditt bruke Friskus til å rekruttere til frivillige oppdrag!




## Transporttilbod i Luster kommune



Les meir om:

- Serviceskyssen
- TT ordninga
- Buss
- Trygt heim for ein 50 lapp
- Luster ungdomstaxi - LUT
- Skyss til Balansetrening
- Skyss til Seniortreff
- Facebookgrupper for samkøyring



## Serviceskyssen:

Serviceskyssen er eit tilbod til alle som bur i Luster kommune, det er inga form for godkjenning for å nytte seg av dette tilbodet. På faste dagar til fastsett tid vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Rutene går sjølvsagt i retur seinare på dagen.

Alle passasjerar som ønskjer å nytta Serviceskyssen må bestilla hjå **Luster Taxi** (tlf: **57 68 16 20**) innan kl. 18 dagen før turen. Då avtalar ein tidspunkt for henting.

**Eigenbetaling kr 30 kvar veg.**


Oversikt over rutene:  
<https://www.luster.kommune.no/serviceskyss.399672.nn.html>

## TT ordninga:

TT transport er eit tilbod som skal bidra til at personar med ei funksjonsnedsetting som bur i Luster kommune, skal ha eit alternativt transporttilbod.

Transporten går føre seg med drosje.

Du kan lese meir om ordninga og søknad her:  
<https://www.vestlandfylke.no/Kollektivogtransport/tt-kort/sok-tt-kort---hordaland/>



## Luster ungdomstaxi - LUT:

Er eit tilbod til ungdom busette i Luster mellom 13- 19 år. Dette er eit tilbod som gjeld frå alle opne arrangement i Luster kommune, også trening/øving, møte og kurs.

Må vera minst to passasjerar.

**Eigenbetaling er 50,- kr pr gang pr person kvar veg.**

Du bestiller tilbodet hjå **Luster Taxi, tlf 57 68 16 20**, sei ifrå om at du skal nytte denne ordninga.

## Trygt heim for ein 50 lapp:

Dette er eit tilbod som er ope for alle, men det er spesielt retta mot ungdom mellom 16 og 24 år. Ruta går kvar natt til søndag heile året, i tillegg går rutene natt til 1. mai, natt til 17 mai og natt til 3. juledag. Rutene er både faste ruter og bestillingsruter.

Bestillingsruta må bestillast på **tlf 57 67 10 00** innan kl 18 same dag, her må det vera minst tre reisande for at den skal gå.

Oversikt over ruter:  
<https://www.kringom.no/sogndal-kl-0230-natt-til-soendag.5480386-318964.html>

**Reisande under 30 år betalar 50.- dei over 30 år betalar 100.-**



## Skysstil balansetrening:

Luster kommune tilbyr skysstil «Betre balanse» gruppene på omsorgssentra.

Du kan bestille ved å ringe **Servicetorget på Rådhuset , tlf 57 68 55 00** (opningstid 9-15). Siste frist er kl 15 dagen før.

## Facebookgrupper for samkøyring:

I Luster har me ulike grupper på facebook som har som mål å bidra til meir samkøyring.

**Jostedal – saker,ting og skyss:**  
<https://www.facebook.com/groups/454265267948483>

**Samkøyring i Luster:**  
<https://www.facebook.com/groups/291633888537817>

Her kan du legge inn spørsmål om turar eller legge inn at du tilbyr skysst. Dette er både sosialt, du kan hjelpe andre og det er miljøvennleg!

## Skysstil Seniorettreff:

Det blir organisert transport til Seniorettreff for dei som har behov.

**Påmelding pr. tlf. 57 68 55 00** innan onsdagen før kl. 13.00.



**Luster kommune**

## Buss:

I Luster kommune har me bussruter som går til dei ulike bygdene til ulike tider. Du kan søke på [www.kringom.no](http://www.kringom.no) for å søke opp di rute og finne tidspunkt bussen går.

